



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: a4d4bc22-19e9-4583-aef7-  
e47085e2743a

Vår: 23/45 - 23/3429

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

13.01.2023

## Foreløpig uttale - gbnr 323/364 mellombels brakker Vitus apotek med fl. Frekhaug

**Tiltak:** Mellombels plassering av bygningar, konstruksjonar og anlegg  
**Byggjestad:** Gbnr: 323/364  
**Tiltakshavar:** Frekhaug Torg As  
**Ansvarleg søkjar:** Frekhaug Torg As

Saka gjeld søknad om etablering av mellombels brakker med bruksareal på 324 m2 for Vitus apotek og kyrkjekontor med anleggsrigg ved ombygging og påbygg av 22 nye leilegheiter på Gbnr 323/364 Frekhaug torg.

Viser til tidlegare uttaler i sak 21/6176, 21/7136 i oktober 2022. Tiltaket søkjast i periode på inntil 2 år. Arbeidstilsynet har innvilga samtykkje den 12.12.22 Rammeløyve til ombygging og påbygg er gjeve i sak 21/6176 den 29.03.22. Det ligg brann notat av Firesafe i saka. Brakker skal koplast til VA-leidningar.

### Planstatus

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå planføremaal da det er mellombels. Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen Områdeplan for Frekhaug senter planid nr. 125620100004 er definert PP-område- parkeringsområde mellom S9 og S11- Sentrumsføremaal og ligg delvis i område med føremål G3- gangareal, gangveg, gågate.

Kommunen skal vurdere saka. Mellom anna skal kommunen vurdere om vilkåra for å gje løyve er oppfylt og kva for konsekvensar tiltaket kan ha. Ber om evt. førebyggjande tiltak i uttale.

### Uttale i samband med VA-anlegg:


Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale vedkomande søknad om etablering av mellombels brakerigg med bruksareal på 324 m2 (apotek, kyrkjekontor og anleggsrigg).

Det ligg føre for lite informasjon til at vi kan uttale oss i saka. Vi ser at brakerigg er tenkt plassert over kommunalt leidningsnett, kum med brannventil og avløpskum (sjå kartutsnitt under).

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Før vi kan gje ei uttale i saka må vi ha følgjande dokumentasjon:

1. Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning skal ha tilgang til kommunale kummer som vert overbygd. Det må sendast inn teikningar/plan som viser korleis ein har tenkt å løyse dette.
2. Kommunen har ingen oversikt over kor Gbnr 323/499 er knytt på kommunalt vatn. Det må difor dokumenterast kor bygget er knytt på kommunalt vatn, slik at ein kan sikre vasstilførsel til bygget dersom eigedom er knytt på leidningsnett som vert liggande under brakkerigg. Det kan sjå ut som at Gbnr 323/364 er knytt på kommunalt vatn i kum som vert liggande under brakkerigg. Dersom bygg skal ha vatn under anleggsperioden må kommunen ha tilgang til leidningsnett/kum for å sikre dette.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG